## Aktivitetsplan 2011 og 2012

| Dato | Arrangement | Komite |
|---|---|---|
| 22. mar | Årsmøte T-poll | Styret |
| 17. mai | Nasjonaldagen | Styret |
| 11. juni | Måløy speling | Styret |
| 11. juni | Årsavsluttning | Komite |
| 19.- 21. aug. | Turhelg/Øvingshelg | Styret |
| 18. sep | Søndagskafè Gravdal: | Komite |
| 16. okt | Basar | Styret |
| 5. nov. | Nordvestm.sk. | Styret/komite |
| 18. des | Julekonsert: | Styret/ musikkutval |
| 7. jan 2012 | Nyttårskonsert: | Komite/musikkutval |
| 8.- 10. juni 2013 | Stormfestival | Styret |

# Årsmøte 2011

**Tirsdag 22. mars 2011 klokka 20.00**

**Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Torskangerpoll Musikklag i Frelsesarmeen i Måløy.**
**Det blir behandla ordinære årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.**
**Betalande aktive medlemmer har stemmerett.**
**Helsing styret i Torskangerpoll Musikklag.**

BÅTBYGG AS Canon Kvalheim Kraft Nordea

## Sudoku

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5 | | 2 | 3 | 9 | 7 | 1 | 8 |
| 2 | | | | 5 | 4 | 6 | 9 | 3 |
| | | 7 | 1 | | 6 | 5 | | |
| | 7 | | 8 | 9 | 2 | | 6 | 4 |
| 1 | | 4 | 3 | 7 | 5 | 8 | | 9 |
| 9 | 2 | | 6 | 4 | 1 | | 5 | |
| | | 2 | 4 | | 8 | 9 | | |
| 8 | 1 | 9 | 5 | 2 | | | | 6 |
| 7 | 4 | 5 | 9 | 6 | 3 | | 8 | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 3 | 8 | 4 | 9 | 1 | | | |
| 9 | 5 | 2 | 7 | 8 | | 3 | 4 | |
| 4 | 1 | 6 | | 5 | 2 | 9 | | |
| | | | | 3 | 5 | | 6 | 4 |
| 6 | 4 | 3 | 8 | 1 | 7 | 2 | 9 | 5 |
| 8 | 2 | | 9 | 6 | | | | |
| | | 4 | 1 | 2 | | 5 | 7 | 8 |
| | 9 | 1 | | 7 | 8 | 4 | 3 | 6 |
| | | | 6 | 4 | 3 | 1 | 2 | |




# Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 3 | 18. årgang | Laussal: Gratis | Mars 2011


## Vurderer NV-meisterskap




**Torskangerpoll Musikklag er tildelt å arrangere Nordvest Meisterskap for vaksenkorps i 2011. Det skal skje i Samfunshallen i slutten av oktober eller første helga i november.. Meisterskapen er for alle vaksenkorps, både brass- og janitsjar-korps, i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Konkurransen skal vere laurdag 5. november.**
**Dette betyr at det blir stormfestival først i 2013.**
**Leiar Johan Wåge seier at det ikkje er endeleg bestemt om korps-et skal arrangere det, og helga er heller ikkje bestemt.**
**- Men vi er i dialog med krinsen, seier Johan. Bildet er frå NM i Bergen no i år.**

# www.torskangerpoll.no

# Hobbytreff i Gravdal

Onsdag 16. mars vart det første hobbytreffet i Gravdal skule arrangert.
Målet var å samle alle med ein eller annan hobby eller handtverksaktivitet til å møtast i hyggjeleg lag for å utveksle erfaringar og kanskje lære noko av kvarandre, seier Asbjørn Våge. Målet er å vidareføre gamle gode tradisjonar.
- Vi er godt fornøgd med første treffet. Det gjekk over all forventning. Det var litt folk. Vi kjem til å arrangere fleire treff, seier Asbjørn utan at det er bestemt kor tid.
På første samlinga var det laging og sal av av vårrullar, og seising av garnkuler.
Her kan du sjå glimt frå den første samlinga. (Foto: Johan Wåge)













## Det store nøkkelmysteriet



Nyleg var Torskangerpoll på NM-helg i Bergen. Vi reiste båten torsdag, og tilbake søndag kveld.
I løpet av helga var Tor Åge uheldig og mista denne enkle husnøkkelen sin.
Heile helga lurte han på kvar nøkkelen vart av.
På båten på veg heim søndag sat han saman med ein kar med krykker som sa han hadde funne ein enkel nøkkel i Bergen som han ikkje visste kva han skulle gjere med.
Men i alle dage, sa Tor Åge med eit smil:
- Den er jo min, sa han. Og det var den.
Dermed var nøkkelmysteriet løyst.
Snakk om tilfeldigheiter og flaks.

## Jubilantmannen Vedvik



I fjor haust runda Roar Ståle Vedvik, mangeårig kornetist i Torskangerpoll Musikklag 50 år.
Dette vart markert først i 2010 med tur til Edinburgh og no i vinter under ei øvingshelg der han fekk Torskangerpoll sinn tinnkrus.
Han takka og kvitterte med ei nyheit om at han i vår skal slutte å køyre buss, og i staden skal starte å køyre gravemaskin.

**Vårkonserten konsert avlyst**
Av ulike grunnar, og mest på grunn av mannskapsmangel er den planlagde vårkonserten første helga i april avlyst.
Vi kjem sterkt igjen, seier dirigent Lisbeth Våge og leiar Johan Einar Wåge.